

VOSS KOMMUNE

OMRÅDEREGULERING - REGULERINGSFØRESEGNER FOR:

jf. plan- og bygningslova (pbl) § 12-7

MØRKVE, MYRKDALEN, GNR. 277 BNR. 7 MFL. MØRKVESLIA HYTTEGREND

Nasjonal arealplan-ID 1235_1216012

Vedteke dd.mm.åå

Sist revidert 15.05.19

Reguleringsendringar

Saksnr.	Endringsnr.	Vedtatt	Sist revidert
@	@	dd.mm.åå	dd.mm.åå

§ 1

FELLES FØRESEGNER

1.1 Trafostasjonar og renovasjonsanlegg

Trafostasjonar og renovasjonsanlegg kan inngå i alle private og private fellesformål. Trafostasjonar skal etablerast med ei sikringszone på minimum 5 meter. Trafostasjonar og renovasjonsanlegg skal etablerast langsmed veg.

1.2 VA og overvatn

System for handtering av VA og overvatn som t.d. vasspumpestasjonar, kloakkpumpestasjonar og vassbasseng kan inngå i alle private og private fellesformål. Innanfor planområdet skal ein i størst mogleg grad legge opp til opne løysingar for handtering av overvatn. Det er krav til at det i samband med utbygging og søknad om løyve til tiltak skal ligge føre ei VA- og overvatnutgreiing.

1.3 Parkering

Det skal etablerast parkering på eiga tomt og/eller i fellesanlegg. For å unngå store terrenginngrep kan parkering òg leggjast langs med veg, på eiga tomt og i formål anna veggrunn langs fellesveggar (f_SV).

Det skal etablerast minst 1,5 parkeringsplassar inkludert parkering på felles parkeringsplassar (f_SPP1 og f_SPP2) per eining innanfor BFF2 til BFF 11, minst 2 parkeringsplassar per eining innanfor BFS og BFF12 til BFF17 og minst 1,2 parkeringsplasser i fellesanlegg per eining i leilegheitsbygg. BFF1 skal ha 2 parkeringsplassar innanfor f_SPP4. Innanfor BFF18 til BFF28 skal det etablerast minst 1,5 parkeringsplassar per eining inkludert parkering på felles parkering der det blir regulert i

detaljreguleringplan. Einingar som ikkje har tilgang på felles parkeringsplassar skal ha minst 2 parkeringsplassar på eigen tomt, eventuelt langs med veg på eiga tomt og i formål anna veggrunn.

Tilkomst til parkeringsplassar skal avgjerast i byggjesak. Tilkomsten skal leggjast slik at den gir minst mogleg terrenginngrep.

1.4 Stølsveg

Stølsveg kan inngå i alle formål.

1.5 Køyreveg

Køyreveg kan justerast i byggjesak for å oppnå best mogleg terrengtilpassing. Veg kan, for å oppnå betre terrengtilpassing, inngå i alle formål inntil 3 m utanfor vegformål som vist i plankartet

1.6 Terrenginngrep

Skjeringar og fyllingar frå veg kan inngå i alle formål.

1.7 Kulturminne

Dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i område, skal arbeid stansast og melding sendast kulturminnemynde, jamfør lov om kulturminne.

1.8 Skredsikring

Skredsikringstiltak kan inngå i alle formål.

1.9 Terrengbehandling

Ved istandsetting og opparbeiding av terreng skal det nyttast stadeigne masser og leggjast til rette for naturleg revegetering eller tilplantast med stadeigen vegetasjon. Frølag i eksisterande massar bør nyttast.

Utbygging skal skje med omsyn til eksisterande terreng og vegetasjon. Store lauvtrær skal bevarast i størst mogleg grad.

§ 2

UTFYLLANDE PLANAR OG DOKUMENTASJON

2.1 Søknad om tiltak innanfor områda BFF01-BFF17 og BFB1-BFB5 og BKB1

Ved søknad om tiltak skal følgjande dokumentasjon følgje saka:

1. Situasjonsplan med kotehøgder. Plan og snitt skal omfatte byggeområdet og tiltaket i målestokk 1:500. Plan og snitt skal:

- Omfatte nabotomter og tilgrensande ubygd areal, interne vegar, bygningar, opne plassar
- Syne terrengutforming som følgje av tiltaket, murar, skjeringar og fyllingar, planting og grønne korridorar
- Syne utforming av bygg, høgdeplassering, eksisterande og planlagd terreng ved inngang og rundt bygga.
- Syne høgdeplassering av biloppstillingsplassar /parkering med tilkomst.
- Syne Tomtegrense og byggjegrænse mot vegar og skivegar/ skiløyper
- Syne belysning av uteområda
- Syne løysing for VA og overvatn
- Syne store eksisterande tre på tomta og kva tre som er tenkt hogga
- Syne store steinar på tomta før og etter tiltak

2. Utgreiingar:

- Tilkomst til miljøstasjonar og eventuelt postkasser
- Handtering av snø
- Retningslinjer for arkitektonisk utforming av bygningar med tak, bygningsgavlar, terrassar og korleis desse skal tilpassast terrenget, materialval og fargeval.
- Berekne samla BRA (i samsvar med reglane i TEK) for området fordelt på funksjonar
- VA- og overvatnutgreiing
- Geotekniske utgreiingar for alle byggjeområde med leilegheitsbygg

2.2 Søknad om tiltak innanfor områda BFF18-BFF28 og BFB01-BFB10 og BKB2 og BAA1

Før søknad om tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 skal det utarbeidast detaljreguleringsplan for desse områda. For BAA1, BAA2 og BKB1 er det krav om detaljreguleringsplan før tiltak anna enn skianlegg (jamfør § 5.12) kan tillatast.

§ 3 REKKEFØLGJEKRAV

3.1 Før bygningar kan takast i bruk skal:

- Veg og parkering fram til og langs med tomta vere opparbeidd Gangbar tilkomst frå tomta til grøntareal eller skianlegg vere opparbeidd
- Renovasjonsanlegg vere ferdigstilt.
- Kryss med RV13 vere ferdigstilt med passeringslomme
- Vassforsyninga vere utbygt for å dekke brannsløkking på måte som brannvernet kan godkjenne.
- VA-anlegg skal vere ferdigstilt før fritidsbustader kan takast i bruk
- Før utbygging innanfor omsynssone H310 må alle naudsynte sikringstiltak vere opparbeidd, jf. pkt 9.1.1
- Gang- og sykkelveg mellom Myrkdalen Bygdasenter og Voss fjellandsby skal vera ferdig regulert innan utgangen av 2020, og ferdig etablert innan utgangen av 2022. Gang- og sykkelvegen skal vera eit samarbeidsprosjekt for alle utbyggjarane innanfor dei områda som kravet omfattar i Kommunedelplanen for

Myrkdalen.

3.2 Før skianlegg kan takast i bruk skal:

- Vurdering av snøskredfare for alle løyper og andre skianlegg skal ligge føre og naudsynte sikringstiltak skal vere gjennomført.

§ 4 EIGARFORM

4.1 Offentlege arealformål

Følgande areal skal vere offentlege:

- o_SV
- o_SVT

4.2 Felles arealformål

Følgande areal skal vere felles for angitte eigedommar:

- f_SV1 og f_SVT1: eigedommar innanfor BFS4
- f_SV2: eigedommar innanfor BSF1-BSF3
- f_SV3: eigedommar innanfor BFS1
- f_SV4: eigedommar innanfor BFS2-BFS3
- f_SV5 og f_SVT2: eigedommar innanfor BFF02-BFF11
- f_SPP1: eigedommar innanfor BFF02-BFF06
- f_SPP2: eigedommar innanfor BFF07-BFF11
- f_BGP: eigedommar innanfor BFF07 og BFF09
- f_SV6 og f_SVT3: eigedommar innanfor BFF12-BFF14
- f_SV7: eigedommar innanfor BFF17 og sørlegaste eigedommen innanfor BFF16
- f_SPP3: gnr 277, bnr 1, 2, 3, 4, 5, 7, 10, 15 og 17
- f_SPP4: eigedommar innanfor BFF01 og BFB01

§ 5 BYGNINGAR OG ANLEGG (pbl § 12-5 nr.1)

For alle byggjeområda er det eit krav til radonsperre og tilrettelegging for tiltak som kan setjast i drift om radonkonsentrasjonen i lufta inne på eit tidspunkt overskrider 100 Bq/m³.

5.1 Felles føresegnar for BFS, BFF og BFB og BKB

Ferdig terreng skal så langt det er mogleg tilpassast opphavelage, naturlege terrenghøgder.

Tak og overflater skal ha ikkje-reflekterande materiale. Ved fargesetting skal det nyttast mørke jordfargar

Byggjegrænse er 2 meter frå grænse mot SVG (privat anna vegformål) og 4 meter frå grænse mot anna formål og regulert tomtegrænse. Dersom ein søkjer byggeløyve for fleire tomter samstundes kan regulerte tomtegrænser flyttast i delesak og byggjegrænse skal avgjerast i byggjesaka.

Det skal sikrast minst 2 meter plass til stillas o.l. rundt bygg.

5.2 Felles føresegner for BFS og BFF

Maksimal skjering er 2 meter frå topp skjering til topp planering. Maksimal fyllingshøgde er 2 m frå topp planering til botn fyllingsfot. Skjering som blir tilbakefylt mot bygning skal ikkje reknast med. Maksimal høgde på støttemurar er 1,5 meter.

Maksimal mønehøgde er 7,5 meter. Maksimal gesimshøgde er 5,5 meter. Dersom fyllingshøgde kan reduserast med bruk av grunnmur kan maksimal byggehøgde aukast tilsvarande halve grunnmuren si høgd. Grunnmur skal vere maks 1 meter. Maksimal fyllingshøgde skal reduserast tilsvarande grunnmuren sin høgde.

Husbreidde kan maksimalt vere 7,5 meter. Alle bygningar skal ha møneretning på hovudtaket parallelt med kotane. Ved planlegging av fleire tomter samstundes kan møneretning vurderast i byggjesak. Tomter innanfor føresegngrænse #2 har valfri møneretning og breidde maksimalt 9 meter på tvers av terrengkotane.

Maksimal husbreidde er bygningsbreidde inklusive mindre utbygg og altanar målt ved fundament og på tvers av terrengkotane. Bygningsdelar kan krage ut over denne maksimalbreidda.

5.3 Felles føresegner for BFF

Innanfor området kan det oppførast fritidsbustad med tilhøyrande uthus og parkeringsplass/carport. Garasje er ikkje tillate. Der terrenginngrep ved bygging av tilkomstveg til tomte blir stor kan parkering i staden etablerast som kantparkering, jamfør § 1.3.

Maks tal einingar BFF01-BFF17:

BFF01	2
BFF02	6
BFF03	3
BFF04	4
BFF05	3
BFF06	1
BFF07	7
BFF08	6
BFF09	5
BFF10	5
BFF11	4
BFF12	4
BFF13	10
BFF14	4

BFF15	4
BFF16	4
BFF17	6
Totalt	78

Maks tal einingar i BFF18-BFF28:

BFF18	16
BFF19	7
BFF20	3
BFF21	16
BFF22	26
BFF23	20
BFF24	4
BFF25	5
BFF26	2
BFF27	5
BFF28	12
Totalt	116

Parabolantennar er ikkje tillate.

Straumlinjer i luft er ikkje tillate.

5.4 Felles føresegner for BFB

Maksimal skjering er 3 meter frå topp skjering til topp planering. Maksimal fyllingshøgde er 2 m frå topp planering til botn fyllingsfot. Skjering som blir tilbakefylt mot bygning skal ikkje reknast med. Maksimal høgde på støttemurar er 1,5 meter.

Parabolantennar er ikkje tillate.

Straumlinjer i luft er ikkje tillate.

Maksimal mønehøgde er 14 meter. Maksimal gesimshøgde er 12 meter.

Maks tal einingar og maks BRA for områda:

	Einingar	m2 BRA
BFB01	12	1200
BFB02	18	1800
BFB03	9	900
BFB04	42	4200
BFB05	9	900
BFB06	12	1200
BFB07	27	2700
BFB08	27	2700
BFB09	9	900
BFB10	18	1800
Totalt	183	18300

5.5 Felles føresegner for BFS

På kvar tomt kan det først opp eitt frittliggjande bustadhus med tilhøyrande uthus, sidebygning/anneks og parkeringsplass/carport/garasje.

Maksimalt tillate bruksareal pr. tomt er BRA = 300 m². Eventuell sidebygning/anneks skal ikkje vere større enn BRA = 30 m² og carport/garasje skal ikkje vere større enn BRA = 25 m² per biloppstillingsplass (maks 50 m²). Maks storleik på hovudbygning er BRA = 250 m².

Dersom biloppstillingsplassar vert bygd som carport eller garasje skal denne ha minimum 1 meter avstand til nabogrense.

Det kan innreist hybelhusvere. Ved innreiing av hybelhusvere skal det etablerast ein ekstra biloppstillingsplass på tomte.

5.6 Fritidsbustader, frittliggjande, BFF02-BFF11

Maksimalt tillate bruksareal pr. tomt er BRA = 150 m². Eventuell sidebygning/anneks skal ikkje vere større enn BRA = 15 m² og carport skal ikkje vere større enn BRA = 20 m² per biloppstillingsplass (maks 40 m²).

Ein kan slå saman 2 tomtar og byggje ein fritidsbustad med to einingar. Maks bruksareal ved samanslåing er BRA = 300 m². Maks storleik på hovudbygning er BRA = 200 m².

Dersom biloppstillingsplass vert bygd som carport skal denne ha minimum 1 meter avstand til nabogrense. Av parkeringskravet på 1,5 plassar (jamfør § 1.3) inngår 0,5 plassar per eining i f_SPP1 eller f_SPP2. Einingar som ikkje grensar til vegformål skal ha 1,5 biloppstillingsplassar i f_SPP2, og har ikkje krav om parkeringsplass på eiga tomt.

5.7 Fritidsbustader, frittliggjande, BFF1 og BFF12-BFF17

Maksimalt tillate bruksareal pr. tomt BRA = 250 m². Eventuell sidebygning / anneks skal ikkje vere større enn T-BRA= 15 m² (30 m² for BFF1) og carport skal ikkje vere større enn T-BRA= 20 m² per biloppstillingsplass (maks 40 m²). Maks storleik på hovudbygning er 150 m² BRA. For BFF12, BFF13 og BFF14 er maks storleik på hovudbygning 200 m² BRA.

Fritidsbustader kan byggjast med inntil 2 einingar.

Dersom biloppstillingsplass vert bygd som carport skal denne ha minimum 1 meter avstand til nabogrense. BFF01 skal ha 2 biloppstillingsplassar i f_SPP4, og har ikkje krav om parkeringsplass på eiga tomt

5.8 Fritidsbustader, frittliggjande, BFF18-BFF28

Det er krav om detaljreguleringsplan for områda.

Vegtrasé kan endrast ved detaljregulering. Ved detaljregulering skal vegen detaljregulerast fram til og langs med utbyggingsområdet og forbi neste sving.

5.9 Fritidsbustader, blokk, BFB01-BFB06

Det er krav om detaljreguleringsplan for områda.

Det kan etablerast inntil 122 einingar med eit samla tillate BRA på inntil 12 200 m².

BRA for parkering/garasje heilt eller delvis under terreng kjem i tillegg.

%- BYA for områda er maksimalt 60 %.

5.10 Fritidsbustader, blokk, BFB07-BFB10

Det er krav om detaljreguleringsplan for områda.

Det kan etablerast inntil 96 einingar med eit samla tillate BRA på inntil 9 600 m².

BRA for parkering/garasje heilt eller delvis under terreng kjem i tillegg.

Vegtrasé kan endrast ved detaljregulering. Ved detaljregulering skal vegen detaljregulerast fram til og langs med utbyggingsområdet og forbi neste sving.

5.11 Næring (N)

I området kan det oppførast bygningar for servering, møterom og servicefunksjonar. Bygningar kan også innehalde funksjonar i tilknytning til drift og vedlikehald av løyper og skiheisar/skitrekk.

Maks BRA = 600 m²
Maks mønehøgde = 8 meter
Maks gesimshøgde = 5 meter

5.12 Skianlegg (BSA)

Skiheisar/skitrekk med tilhøyrande løypetrasear, trekktrasear, anlegg for snøproduksjon, lysanlegg, anleggsveggar og mindre bygg for drift og vedlikehald kan oppførast/opparbeidast i området.

For snøproduksjonsutstyr er det ved søknad om løyve til tiltak krav om å dokumentere tilfredstillande støyforhold.

Sykkelløype kan oppførast/opparbeidast innanfor føresegnområde #5. Terrengeingrep i samband med opparbeiding av løype kan tillatast, eventuelt mindre justeringar av trasé for å oppnå betre terrengtilpassing. Bredde på sykkelløype kan vere maksimalt 3 m. Sikringstiltak mot skrentar og bekkar kan tillatast.

Tidsrommet for bruk av sykkelløype er avgrensa til perioden 1.juli til 30.september. Det er ikkje tillate å måke eller åte sykkelløype for å opne tidlegare i år med sein vår.

5.13 Kombinert bygge- og anleggsformål (BKB)

BKB1 er kombinasjon av fritidsbustader, blokk, og skianlegg. Grense mellom formåla skal avgjerast etter at plassering av skiheis innanfor planområdet er godkjent. Maks BRA for fritidsbustader, blokk, er 1800 m² BRA. Maks tal einingar er 18. Sjå § 5.4 for utfyllande føresegner for fritidsbustader, blokk, innanfor BKB1. Sjå § 5.12 for utfyllande føresegner for skianlegg innanfor BKB1. BKB2 er kombinasjon av sentrumsfunksjonar, fritidsbustader og skianlegg. Jamfør kommunedel for Myrkdalen, planid 06024, § 4.4.2 S2 - Mørkve for utfyllande føresegner. Det er krav om eigen detaljreguleringsplan for området. Før detaljregulering kan godkjennast skal det føreligge eigen skredrapport for området.

5.14 Angitte bygge- og anleggsformål i kombinasjon med andre angitte hovudformål (BAA)

Innanfor formålet kan det etablerast skianlegg (jamfør § 5.12) i kombinasjon med fritidsbustad med tilhøyrande vegar og grøntformål. Det er krav om detaljreguleringsplan før tiltak anna enn skianlegg (jamfør § 5.12) kan tillatast.

§ 6

SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(pbl § 12-5 nr. 2)

6.1 Veganlegg (SV, SKV, SF og SVT)

Terrenginngrep i samband med veganlegget skal skje mest mogleg skånsamt. Fjellskjeringar og fyllingar skal rundast og tilpassast tilgrensande terreng. Fyllingar og grøfter skal såast til. Støttemurar skal oppførast som natursteinsmurar, eventuelt betongmur med natursteinforblending. Noverande vegetasjon skal takast vare på. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig på same tid som resten av veganlegget. Ved såing av gras skal det nyttast beitemarksblanding for alpine område.

Det skal ikkje nyttast lyst/reflekterande overflatemateriale på veganlegg.

Innanfor juridisk linje bru kan det etablerast skibru over veg.

Innanfor føresegnområde #3 kan det anten byggjast skibru over veg eller veg i kulvert under terreng.

Innanfor f_SPP3 skal det setjast av 6 parkeringsplassar til utfartsparkering for turgåarar.

Ved detaljering av ny tilkomst frå riksvegen må byggeplanar til Statens vegvesen for godkjenning. Utbyggar/tiltakshavar må også inngå gjennomføringsavtale med Statens vegvesen før etablering av ny tilkomst kan setjast i verk.

§ 7

GRØNSTRUKTUR

(pbl § 12-5 nr. 3)

7.1 Grøntstruktur (G og GT)

Innanfor grønntstruktur (G) kan det opparbeidast stiar og leggst til rette for opphald. Skog skal takast vare på. Store flyttsteinar skal takast vare på.

GT1 er ein gamal stølsveg som i størst mogleg grad skal takast vare på.

GT2 skal opparbeidast som turveg mot Storhaugen. Fram til eksisterande stølsveg skal han òg fungere som køyrbar tilkomst til stølsvegen. Turvegen kan nyttast midlertidig som anleggsveg for å hente massar frå eit mogleg nytt vassmagasin ved Storhaugen.

§8

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL

(pbl § 12-5 nr. 5)

8.1 LNF kombinert med andre hovudformål (LAA)

Områda er LNF kombinert med skianlegg.

Innanfor områda kan det etablerast stiar og turløyper. Innanfor LAA1 kan det etablerast anlegg som nemnd i § 5.12 Innanfor LAA1 kan overskotsmasser deponerast. Sprengstein skal deponerast på ein tiltalende måte og dekkast med lokale jordmassar.

Områda skal òg fungere som beiteområde. Anlegg som er til hinder for beiting skal ikkje oppførast. Innanfor LAA2 skal det ikkje leggjast til rette for skiløypar, berre skiheis.

Innanfor Føresegnområde #1 kan det etablerast veg til utbyggingsområder F3 og F4 i kdp for Myrkdalen. Det er krav om detaljregulering før det kan byggjast veg her.

8.2 LNF areal (L)

Områda skal fungere som beiteområde.

§ 9

OMSYNSSONER

(pbl § 12-6)

9.1 Faresone (pbl § 11-8 a)

9.1.1 Ras- og skredsone (H310_2):

17147-03-1 Myrkdalen Fjellandsby, Mørkveslia – Forprosjektering av sikringstiltak (Grue og Taurisano, mars 2018) skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak innanfor skredsoner.

Tiltak med sikkerhetskrav i gjeldande byggtknisk forskrift kan kun oppførast i område med skredsannsyn som forskriften tillet. I område med høgare skredsannsyn skal slike tiltak ikkje tillatast utan at tilfredsstillande skredsikringstiltak er gjennomført og dokumentert av føretak med geoteknisk kompetanse.

Tiltak som er aktuelle er:

- Overvatngrøft og ledevoll mot løsmasseskred
- Sikringsvoll og rensk mot steinsprang
- Overvatnhandtering mot sørpeskred
- Terrenginngrep og fjerning av potensielt ustabile blokkar

Det skal dokumenterast av fagkunnige at skredtiltak ikkje vil påføre eksisterande eller planlagte tiltak utanfor planområdet auka skredfare som kan føre til at området får høgare sikringsklasse.

Omsynssonene dekkjer skredsannsyn til og med 1/5000.

9.1.2 Ras- og skredsone (H310_3):

17147-03-1 Myrkdalen Fjellandsby, Mørkveslia – Forprosjektering av sikringstiltak (Grue og Taurisano, mars 2018) skal leggjast til grunn ved planlegging av tiltak innanfor skredsoneer.

Tiltak med sikkerhetskrav i gjeldande byggteknisk forskrift kan kun oppførast i område med skredsannsyn som forskriften tillet. I område med høgare skredsannsyn skal slike tiltak ikkje tillatast utan at tilfredsstillande skredsikringstiltak er gjennomført og dokumentert av føretak med geoteknisk kompetanse.

Tiltak som er aktuelle er:

- Overvatngrøft og ledevoll mot løsmasseskred
- Sikringsvoll og rensk mot steinsprang
- Overvatnhandtering mot sørpeskred
- Terrenginngrep og fjerning av potensielt ustabile blokkar

Det skal dokumenterast av fagkunnige at skredtiltak ikkje vil påføre eksisterande eller planlagte tiltak utanfor planområdet auka skredfare som kan føre til at området får høgare sikringsklasse.

Omsynssonene dekkjer skredsannsyn til og med 1/1000.

9.1.3 Ras- og skredsone (H310_1):

Desse områda er aktsemdsoner frå NGI (stein- og snøskred), og aktsemdsoner frå NVE (jord- og flomskred).

Ved søknad om tiltak skal sikkerhetskrav i gjeldande byggteknisk forskrift vere oppfylt. Før tiltak kan tillatast skal skredfare utredast av føretak med skredfagleg kompetanse og skredsannsyn vere dokumentert innanfor krava i forskrifta.

9.1.4 Flaumsoner (H320):

Desse områda er aktsemdsoner frå NVE

Innanfor området er det ikkje tillate å deponere snø eller etablere tiltak som kan bidra til å hindre vatnet sitt frie laup i elvekorridoren.

9.2 Sikringsone

9.2.1 Frisikt (H140)

Frisiktsonene er vist i plankartet. Det skal ikkje plasserast konstruksjonar eller plantast til i høgda 0,5- 1,5 meter som kan vere til hinder for sikt. Tre kor heile trekrona ligg over 1,5 meter er tillate.

9.3 Sone med angitte særlege omsyn

9.3.1 Bevaring naturmiljø – beitemarksopp H560_1

Innanfor området er inngrep i eksisterande terreng og vegetasjon, herunder lagring, tilrigging og massedeponering, ikkje tillate.

9.3.2 Bevaring naturmiljø – vassdrag H560_2

Innanfor omsynssonen skal naturområde og naturtyper sikrast. Vegetasjon skal bevarast i størst mogleg grad, kantvegetasjon skal viast spesiell merksemd. Tiltak i området er ikkje tillate utan etter ein skjøtselsplan utarbeidd av fagkunnig biolog. Området kan ikkje nyttast til lagring, tilrigging eller massedeponering. Vedlikehald av stølsveg er tillate. Skiløype, veg/bru er tillate å etablere i sonen.

9.3.3 Bevaring kulturmiljø – H570_1-H570_5

Innenfor omsynssonene er tiltak som kan skade eller forringe kulturminna sin verdi ikkje tillate.

9.4 Støysone (H290)

Før nye tiltak kan tillatast skal støysituasjon vere dokumentert å følgje retningslinjer i T-1442/2016.

§ 10 FØRESEGNOMRÅDE

(pbl § 12-7)

10.1 Føresegnområde #4 vernskog

Hogst innanfor områda skal ikkje gjennomførast som flatehogst med større samanhengjande hogstflater i dalsidene. Horisontale eller diagonale hogstgater er tillate. Dimensjonering av slike gater skal følgje tilråding i kapittel 6 i Forslag til kriterier for vernskog mot skred – DEL 1 (Høydal m. fl., 2013).

**Det vert stadfesta at føresegnene er i samsvar med
kommunestyret sitt vedtak**

seksjonsleiar